

Sjølvportrettet av midtlivskvinna

(Porsgrunn): Siri Jøntvedt kommenterer eiga utvikling som menneske, kvinne og kropp i eit rørsletablå av humor og alvor, klasse og kitch.



Tekst:[Jonas Øren](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Linkedin](#)

Soloforestillinga *fifty ways to leave a shape* av Siri Jøntvedt er ei av fire forestillinger som stod på årets festivalprogram under tid for DANS, arrangert av

FIFTY WAYS TO LEAVE A SHAPE

Koreografi/dans/konsept: Siri Jøntvedt

Komponist/lyddesign: Gyrid Nordal Kaldestad

Ytre øye/musikalsk konsulent/sang: Øyvind B. Lyse

Visuell kunst/film: Darko Dragičević

Produsent og konsulent: Annika Ostwald

Støttespillere: Anna Nordanstedt, Anna Westberg og Snelle Hall.

Lydopptak: Harald Fetveit

Co-produksjon: Dans i Trøndelag, DansiT og Dansekunst i Grenland

Før-visning Kunsthall Grenland, festival Tid For Dans, 26. sept

Premiere Kortreist Dansefestival, 9. oktober 2020

Dansekunst i Grenland. Festivalen ønska å tilby eit variert danseprogram med stor formidlingsevne, mangfold og høg profesjonalitet og skape møtepunkt mellom det nasjonale og internasjonale dansefeltet med regionen. Felles for dei fire forestillingane var at dei alle er initierte av kvite, norske kvinner som tek for seg idéar basert på ein elskja gjengangar i samtidsdansen:

Annanbølgefeministbegrepet *politics of the personal*, altså samanhengen mellom personleg erfaring og større sosiale og politiske strukturar. På scena, der diskursen handla om utanforskap og eit opprør mot tradisjon, rasisme, kjønnsnormer, alder og ungdom, vart profesjonelle dansekroppar – alle kvite, friske, fysisk kapable og unge – vist fram. Unntaket var dei ikkje-profesjonelle i forestillinga *Utenforskap: Rasisme* (signert festivalleiar Tine Fossmo) og Siri Jøntvedt i sin hommage til eit utsliitt hofteledd.

Midtlivskvinna som utgongspunkt

Jøntvedt har saman med dansekollega Snelle Hall i Siri og Snelle Productions, nytta kvenna og midtlivet som tematisk utgongspunkt i fleire produksjonar. Dette har kulminert i *Siri og Snelles Midtlivstriologi* (Grums, 2014), *Jeg er kosmos*, 2016 og *Collapsing Distance*, 2018). Soloprosjektet *fifty ways to leave a shape* er for meg eit logisk steg vidare. I gallerirommet til Kunsthall Grenland skaper Jøntvedt ei slags episodisk framstilling av alderdom, kvinnekropp og tid. Forestillinga er altså delt opp i klare delar, og uttrykket, som er like sobert som dei kvite veggane, innehavar aspekt som kryssar både det abstrakte og lettleslege. Scenografien er definert av gallerirommet, eit stramt lysoppsett og monokrome enkeltelement: Svarte høgtalarar, svarte ledningar og noko som ser ut som ein minimalistisk tekstilinstallasjon av den belgiske designaren Ann Demeulemeester – også svart – hengande *down-stage left*.

Grønhette

Midt i rommet, ikledd ei svart truse og ein grønn, steinvaska hettegensar, sitt Jørntvedt i ein slags havfrueposisjon. Håret hennar heng ut av opninga på gensaren, men ansiktet er skjult av hetta. Det posete plagget viskar ut mykje av kroppen, då Jøntvedt går gjennom ulike skulpturelle posisjonar som vekslar mellom noko som oppfattast både kjend og ukjend. Også lyddesignet er med på å understreke dette, då det musiske ofte gir referansar til ulike ting. Akkurat her høyres det ut som klinkekuler som trommast taktfast mot stein. Det er minimalistisk, og gjer at alle andre lydar i rommet er «synlege». At dama bak meg skal ta av seg jakka og må opne fleire borrelåsar, knappar og glidelåsar, skriv seg slik inn i forestillingsopplevelinga mi. I tillegg til å vere sensorisk inkluderande, opplev eg også det visuelle uttrykket både kjønns-, alders- og tidlaust. Gensaren oppfattast likevel moderne og hip, og plasseringa i gallerirommet får meg til å tenke på YEEZY-kolleksjonane til «tusenkunstnaren» Kanye West.

Identitetsreisa

Kroppsarbeidet som skjer inne i gensaren, definert av rørsler som tek kroppen frå posisjon til posisjon, endrast gradvis av med bruk av ulik dynamikk, og nivå og plassering i rommet. Plutseleg kjem ein pinne ut av det eine ermet og blir ein del av kroppen. I kombinasjon med hetta gir pinnen assosiasjoner både til lange knokete fingrar og tryllestavar, og det blir vanskeleg å sjå noko anna enn ein hekseskapnad og heksekraft. Etter kvart handlar rørlene meir om manipuleringa av gensaren, som igjen skaper ei endring og utvikling av form og kropp. Form speglar fysikalitet, og slik varierast det kroppslege biletet kontinuerleg. Plutseleg kjem gensaren over hovudet til Jøntvedt, og ut – lik ein fødsel – kjem kvinnekkroppen, som står open og spørjande framfor oss. Berrfött, berre ikledd ei steinvaska band t-skjorte og truse, går uttrykket frå mystisk til transparent. Det er først nå eg legg merke til detaljar ved kroppen: Fargen på huden, håklippen og ulike «kroppsmerker» definert av erfaring og tid. T-skjorta, som ser ut som ei hard-rock-bandskjorte med rosetorner, hjarter og noko som liknar på ei satanstjerne, sidestiller det barnslege med ein slags *butchfemininitet*. Dei ulike elementa gir altså eit tolkingsrom som kan gå fleire vegar samtidig.

Sangstemma

Jøntvedt nyttar stemme og song to gongar i løpet av forestillingsløpet. Etter gensemmanipuleringa og kvinnekkropp-fødselen skjer det i ein slags The Real Group-aktig songssekvens. Etter å ha slått hovudet med ein stemmegaffel syng ho, sitjande på ein krakk, om kroppslege plager, eit besøk hos doktoren og ein samtale med mannen sin. Beskjeden i songteksten er klar: Kan ein fortsetje å slite på kroppen på same måte som ein har gjort tidlegare? Ho framfører teksten akkompagnert av eit à capella-kor av mannsstemmer. Eg opplever det som corny og overraskande årleg på same tid. Etter à capella-sekvensen legg ho seg i ro nedst i gallerirommet til lyden av noko som minner om kokande vatn eller ei raketttoppskyting. Deretter rullar ho framover på scena, og nå nyttar Jøntvedt igjen stemma i det som markerer ein ny del av forestillinga. Ikledd det eg først trudde var ein tekstilinstallasjon, men som viser seg å være ei rysjekappe og ei truse med krystallar og rysjer, framfører ho «Hips Don't Lie»-teksten til Shakira:

*Oh, baby, when you talk like that
You make a woman go mad
So be wise and keep on
Reading the signs of my body*

*I'm on tonight
You know my hips don't lie
And I'm starting to feel it's right
All the attraction, the tension
Don't you see, baby, this is perfection?*

Med forenkla og småbanale rørsler, som for meg oppfattast som ei kryssing av imitasjon og parodi av Shakira sine sexy danse- og hofterørsler, syng Jøntvedt songen og opnar slik opp for ei ny lesing av teksten. Eg opplev han ekstra tydeleg, og at Jøntvedt snakkar like mykje om kvinnelist som ei form for heksekunst, som om den typiske harseleringa med det ein gjerne kallar eit regenererande *male gaze-materiale*.

Det tidlause handverket

Siste del av forestillinga er utruleg vakker og gjer at eg kan trekke ulike raude trådar til tidlegare delar. Heilt enkelt, og svært elegant, viser Jøntvedt fleire måter å møte golvet på. Ein kan dele dette opp i tusenvis av små detaljar. Det å rulle gjennom ryggen og møte gulvet med kroppen er med på å markere utgongspunktet for releaseteknikk og kan sidestillast med *tenduen* eller *pliéen* i klassisk ballet. Nokre gongar blir ho sitjande, andre gonger går ho så langt som til å rulle over golvet. Sekvensane blir ståande som eit bevis på at eit godt handverk er tidlaust: Tida stoppar faktisk opp her. Samtidig viser det Jøntvedt i noko som banalt kan kallast hennar rette element. Der ein ofte kan oppleve briljans som noko plastisk og konstruert, beviser ho at det også kan vere personleg, intimt og eit uttrykk for ein masse tid. Rørslematerialet opplevast for meg som noko trygt, og eg ser timane med øving, ambisjonane, smerta og gleden i dansen hennar. Det er kanskje i forlenginga av dette at hofteleddet vart utslikt, og det er i frå dette utgongspunktet at kroppstransformasjonen får lov til å skje. Dei ulike posisjonane som ho opna forestillinga med er alle henta i frå dette materialet. Eg er glad for å få oppleve dette i eit kunstfelt som ofte veljer vekk kroppsbriljeringa til fordel for teorien. Det er fint å sjå at det eine kan møte det andre, og faktisk vere med på å løfte det teoretiske utgongspunktet. Eg har lyst til å fra fram Talent Norge-klistremerket og rope til NRK at dette er noko som bør filmast og visast i *de tusen hjem*, på lik linje med *Nøtteknekken* som dei fleste har sett ein eller annan versjon av før (og som ein enkelt finn på Youtube).

Prologen: Ibsen-ekkoet

Forestillinga avsluttast med at Jøntvedt slukker lysa i rommet, og at ein film blir prosjektert på scenens bakvegg. Filmen viser natur og arkitektur som viser teikn på tida si tann: Årringar, berggrunn, ugras, rote og ulike hakk og skrammer. Eg oppfattar filmen som ganske direkte og lettleselg, og veit ikkje om han er heilt nødvendig etter det eg allereie oppfatta som ei nydeleg avslutting. Filmen gav meg liksom ikkje noko meir, om ikkje anna enn å plassere den dynamiske og kompliserte kvinneskikkelsen som ein del av den like kompliserte naturen. Sett i lys av festivalen sin ambisjon, som i festivalprogrammet blir trukke fram som å vere å vise samtidsdansen som samtidskritikk, undrar eg: Kva slags samtidskritiske stemmer er det som får størst spelerom i norsk samtidsdans? I

Grenland, Ibsens heimtrakter, er det kanskje greit at det er det udefinerbare, sjølvstendige og kvite fruentimmer som framleis har hovudrolla.

(Jonas Oren, Publisert 06.10.2020) Norsk Shakespearetidsskrift